



ÅRSMØTEHELG I DRAMMEN

DRAMMEN | 20.- 22. NOVEMBER 2009

FIRST HOTEL AMBASSADEUR
Strømsø torg 7, Drammen

PROGRAM

Torsdag 19. november

- 18.30 – 20.30 Seminar:
Kva forventningar har vi til Riksscenen?
Kunstnarleg produksjon – sosial arena – møteplass – kompetanseutvikling
- 21.00 Konsert: Folk på Mir: Rosa i Botn/ Nils Økland)

Fredag 20. november

- 20.00 Middag
- 21.00 Gibøen-konsert og lansering av Årbok for norsk folkemusikk 2009
- 22.00 – 01.00 Dans

Laurdag 21. november

- 09.00 Årsmøte i Landslaget for Spelemenn
- 13.00 Lunsj
- 14.00 – 16.00 Ekstraordinært årsmøte i Norsk Folkemusikk- og Danselag.
- 16.00 – 18.00 Seminar om landskappleik og landsfestival
- 19.00 Stiftingsmøte Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg
- 20.00 Festmiddag
- 22.00 – 02.00 Konsert(ar) og dans

Søndag 22. November

- 10.00 Årsmøte i Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg
- 13.00 Lunsj
- 14.00 – 15.00 Ev. framhald Årsmøte i Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg

OM MØTA:

- *Ekstraordinært årsmøte i NFD.* Vedtak om samanslutning og val av ti representantar for utøvarar til det første årsmøtet i Folkemusikk og folkedansorganisasjonen i Noreg.
- *Stiftingsmøtet i ny organisasjon.* Styra i LfS og NFD møter her, og godkjenner vedtekter og stiftar organisasjonen.
- *Første årsmøte i Folkemusikk og folkedansorganisasjonen i Noreg.* Laga i LfS, 10 representantar for utøvargruppa samt særslag møter. På dette møtet vert prinsippprogram, arbeidsprogram og budsjett vedteke. I tillegg vel ein styret i den nye organisasjonen.

PRAKTISK INFORMASJON

OVERNATTING / HOTELLRESERVASJON

Rom tingar du direkte til hotellet via telefon, e-post eller faks:

FIRST HOTEL AMBASSADEUR
Strømsø torg 7
3044 Drammen
Tel: 31 01 21 00
Faks: 31 01 21 11
ambassadeur@firshotels.no

Pris:

Enkeltrom inkludert alle måltid:
1079,- per natt

Dobbeltrom per pers inkludert alle
måltid: 979,- per natt.

OPPGI REFERANSE VED
BESTILLING: **201109/NOR**



FRIST FOR TINGING AV HOTELLROM: 2. NOVEMBER

MEDLEMSKONTINGENT

Har du hugsa å betale medlemskontingenten din i NFD?

For å ha stemmerett på det ekstraordinære årsmøtet i NFD må du ha betalt kontingenten din.

- Hovudmedlem kr 250,-
- Familiemedlem kr 50,-
- Familiemedlem under 10 år kr 10,-
- Ungdom under 25 år kr 150,-

KONTONUMMER: 1503.04.18562

Om du har spørsmål - ta kontakt!

Lene Furuli | Tlf: 22 00 56 90 / 99 16 07 41 | e-post: nfd@folkemusikk.no

TIL ORIENTERING: NFD-SEMINAR HAUSTEN 2009 I OSLO

TORSDAG 22. OKTOBER

Nye tider – nye takter? En gjennomgang av Rikskonsertene.

Dette er tittelen på rapporten fra Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) som på oppdrag fra Kulturdepartementet har gått gjennom Rikskonsertene si verksemd. KKD ber om høyringsuttaler til rapporten. NFD og Riksscenen inviterer difor til eit første møte for å drøfte innhaldet i rapporten. Høyringsfristen er 14. desember 2009. Rapporten finn du på www.folkemusikk.no

Dato: Torsdag 22.oktober

Tid: 18:30 – 20:30

Stad: NFD sine heilt nye kontor, Trondheimsveien 2, bygg J, 5. etasje, inngang frå Herslebsgate ved Schous plass.

Konsert på MiR med den svenske gruppas Triakel etter seminaret

TORSDAG 19. NOVEMBER

Kva forventningar har vi til Riksscenen?

Kunstnarleg produksjon – sosial arena – møteplass – kompetanseutvikling

Riksscenen blir no etablert etter ein prosess der NFD sat i førarsetet for å få etablert ei nasjonal scene for folkemusikk. No står huset snart klart. Kva forventningar har vi til huset og institusjonen? Kva plass ønskjer og forventar vi at Riksscenen skal ha i folkemusikkmiljøet?

Dato: Torsdag 19.november

Tid: 18:30 – 20:30

Stad: NFD sine heilt nye kontor, Trondheimsveien 2, bygg J, 5. etasje, inngang frå Herslebsgate ved Schous plass.

Konsert på MiR med Rosa i Botn/ Nils Økland etter seminaret

EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE 2009

Norsk Folkemusikk- og Danselag
(NFD)

Innkalling til ekstraordinært årsmøte 2009

Tid: Laurdag 21. november 2009, kl 14.00 – 16.00
Stad: First Hotel Ambassadeur
Strømsø torg 7, Drammen

SAKLISTE

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2: Konstituering

Val av ordstyrarar, 2 sekretærar og 3 til å underteikne protokollen.

Sak 3: Vedtak om å inngå i samanslutning

Vedlegg: Stiftingsdokument for ein ny organisasjon (til orientering)

Styret i Norsk Folkemusikk og Danselag fremmar følgjande vedtak til ekstraordinært årsmøte:

Årsmøtet i Norsk Folkemusikk og Danselag gjev styret fullmakt til å stifte ein ny organisasjon som ein samanslutning mellom Norsk Folkemusikk- og Danselag og Landslaget for Spelemenn.

Styret skal sikre dei tilsette sine rettar i den nye organisasjonen og ivareta NFD sine aktiva og passiva i tråd med vedtektene i NFD.

Sak 4 Val av utøvarrepresentantar til første årsmøte i Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg.

Det skal veljast 10 representantar.

FOLKEMUSIKK- OG FOLKEDANSORGANISASJONEN I NOREG

DAGSORDEN FOR STIFTINGSMØTE

TID: LAURDAG 21. NOVEMBER 2009 KL. 18.00

STAD: First Ambassadeur hotell, Strømsø torg 7, Drammen

Sak 1 Val av møteiar og protokollførar

Sak 2 Godkjenning av vedtekter

Framlegg til vedtak:

Vedtektene for Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vert vedteke slik dei ligg føre.

Sak 3 Styret fram til årsmøtet

Framlegg til vedtak:

Arbeidsutvala i Landslaget for Spelemenn og Norsk Folkemusikk- og Danselag fungerer som styre for Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg fram til årsmøtet har vald nytt styre.

Sak 4 Signering av stiftingsdokument for Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg.

FRAMLEGG TIL VEDTEKTER FOR FOLKEMUSIKK- OG FOLKEDANSORGANISASJONEN I NOREG

Frå styra i Norsk Folkemusikk- og Danselag og Landslaget for Spelemenn

§ 1 Stifting

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vart skipa 22. november 2009 som ei samanslutning av Norsk Folkemusikk- og Danselag og Landslaget for Spelemenn. Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg er ein landsomfattande livssynsnøytral og partipolitisk uavhengig interesseorganisasjon med ope medlemskap.

§ 2 Føremål

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg har som føremål å arbeide for folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å styrkje deira rolle og vilkår i samfunnet.

§ 3 Medlemskap

Grunnlaget i organisasjonen er medlemmer i lokale lag, særslag, og gruppa av yrkesutøvarar. Lokale lag er geografisk knytte til eit område. Særslag og gruppa for yrkesutøvarar har aktivitet på tvers av geografiske område.

Alle medlemmer i lokale lag og særslag som er tilslutta organisasjonen, er medlemmer i organisasjonen.

Alle lag som arbeider i samsvar med føremålsparagrafen, kan takast opp som medlemmer i organisasjonen.

Med yrkesutøvar meiner ein utøvarar som har inntekt av folkemusikk og/eller folkedans.

Einskildpersonar som ikkje står tilslutta noko lokallag eller særslag, kan melde seg direkte inn i organisasjonen.

Styret kan stryke medlemmer som arbeider mot føremålet eller på annan måte skader organisasjonen. Styrevedtak om dette kan ankast inn for årsmøtet.

§ 4 Områdelag

Lokale lag kan samarbeide distriktsvis gjennom områdelag. Alle lag tilslutta eit områdelag som er innmeldt i organisasjonen, skal vere tilslutta organisasjonen.

§ 5 Årsmøte

Årsmøtet er høgste organ i organisasjonen og skal heldast kvart år innan utgangen av november månad.

Styret fastset tid og stad for årsmøtet og informerer medlemmene om dette seinast seks månader før årsmøtet finn stad. Innkalling og sakspapir skal sendast ut minst ein månad før årsmøtet. Medlemmer eller lag som har saker dei vil ha fremja på årsmøtet, må sende desse til styret innan 1. august.

§6 Utsendingar til årsmøtet

Stemmerett på årsmøtet har:

A) Utsendingar frå kvart lokallag eller særslag som er tatt opp som medlem innan 1. august same år etter følgjande skala:

- Lag med inntil 30 medlemmer: 1 utsending
- Lag med 30–99 medlemmer: 2 utsendingar
- Lag med minst 100 medlemmer: 3 utsendingar

- B) Ein utsending frå kvart områdelag.
- C) 10 utsendingar frå gruppa for yrkesutøvarar.
- D) Styret og varamedlemmene til styret.

Einskildpersonar som ikkje står tilslutta noko lokallag eller særslag, har ikkje stemmerett.

Det kan ikkje nyttast fullmakter. Kvar utsending kan berre representere eitt lag.

Alle medlemmer og tilsette i organisasjonen har talerett på årsmøtet. Styret kan invitere andre institusjonar og organisasjonar som observatørar med talerett til årsmøtet.

§ 7 Saker på årsmøtet

Årsmøtet handsamar:

- årsmelding
- rekneskap
- prinsippprogram
- arbeidsprogram
- fastsetjing av medlemspengar
- budsjett
- oppnemning av revisor
- innkomne saker
- val av tillitsfolk

Rekneskapen fylgjer kalenderåret.

§8 Val av tillitsfolk

Årsmøtet vel eit styre på sju personar:

- ein styreleiar for eitt år av gongen
- to nestleiarar for eitt år av gongen
- fire styremedlemmer for to år av gongen slik at det kvart år er to styremedlemmer på val

Årsmøtet vel også:

- tre varamedlemmer til styret for eitt år av gongen
- ei valnemnd på tre medlemmer for tre år, slik at det kvart år kjem ein ny medlem inn i valnemnda

Når årsmøtet vel tillitsfolk, skal det velje eit mest mogleg representativt utval av medlemsmassen. Årsmøtet skal leggje vekt på ulike utøvarformer, kjønn, geografi, kontinuitet i styret sitt arbeid, fagleg, kulturpolitisk og økonomisk kompetanse. Anten leiar eller ein av dei to nestleiarane skal tilhøyre gruppa yrkesutøvarar innanfor folkemusikk og/eller folkedans. I tillegg skal minst ein styremedlem vere yrkesutøvar.

§9 Omframnt årsmøte

Omframnt årsmøte skal haldast når styret finn det naudsynt, eller når minst ein tredel av medlemslaga krev det. Omframnt årsmøte kan kallast inn med minst ein månads varsel, og berre saker som er sette opp i innkallinga, kan handsamast. Elles gjeld dei same reglane som for vanleg årsmøte.

§10 Om styret

Styreleiaren teiknar organisasjonen.

Styret kan delegere prokura.

Styreleiaren og dei to nestleiarane utgjer eit arbeidsutval. Styret vedtar instruks for arbeidsutvalet.

Styret er vedtaksført dersom minst fire medlemmer eller varamedlemmer er til stades.

Det skal førast referat frå styremøta.

§11 Styret sine oppgaver

Styret skal

- drive laget i samsvar med vedtekter, føremål og årsmøtevedtak
- førebu saker til årsmøtet
- godkjenne medlemskap og vedtekter for lokallag, særslag og områdelag
- tilsetje dagleg leiar og utarbeide instruks for stillingen
- tilsetje det administrative personalet som organisasjonen til kvar tid har økonomi til og behov for

I alle saker som ifølgje vedtektene ikkje er lagde til årsmøtet, kan styret ta endelege avgjersler.

§12 Dagleg leiar

Dagleg leiar er sekretær for styret og arbeidsutvalet og førebur sakene saman med styreleiaren.

§ 13 Heiderspris

Styret kan dele ut ein heiderspris, som består av diplom og statuett, til den som på landsplan har arbeidd særleg godt og lenge for føremålet.

§ 14 Vedtektsendringar

Årsmøtet kan, med tilslutning frå minst 2/3 av utsendingane med stemmerett, endre vedtektene. Årsmøtet kan kun handsame endringar i paragrafar som er varsla gjennom sakspapira til årsmøtet.

§15 Oppløysing

Det ordinære årsmøtet kan, med tilslutning frå minst 2/3 av utsendingane med stemmerett, vedta at organisasjonen skal oppløysast.

Ved oppløysing fremjar styret forslag overfor årsmøtet om korleis ein kan bruke organisasjonsmidlane i samsvar med føremålet.

DAGSORDEN FOR FØRSTE ÅRSMØTE I FOLKEMUSIKK- OG FOLKEDANSORGANISASJONEN I NOREG

TID: SØNDAG 22. NOVEMBER 2009 KL. 10.00

STAD: First Ambassadeur hotell, Strømsø torg 7, Drammen

Sak 1 Val av møteleiar og protokollførar

Sak 2 Navneopprop

Sak 3 Prinsippprogram

Vedlegg: utkast til prinsippprogram.

Framlegg til vedtak: *Årsmøtet vedtek prinsippprogrammet slik det ligg føre.*

Sak 4 Arbeidsprogram 2010

Vedlegg: utkast til arbeidsprogram

Framlegg til vedtak: *Årsmøtet vedtek arbeidsprogrammet slik det ligg føre.*

Sak 5 Fastsetjing av medlemspengar for 2010

Framlegg til vedtak:

Medlemskontigent for vaksne: 180,- kroner.

Medlemskontigent for born: 70.- kroner.

Lagskontigent: 500,- kroner.

Sak 6 Budsjett 2010

Vedlegg: utkast til budsjett for 2010 og framlegg til vedtak vert ettersendt.

Sak 7 Oppnemning av revisor

Forslag til vedtak:

BDO Noraudit oppnemnas som revisor for Folkemusikk- og Folkedansorganisasjonen i Noreg i 2010.

Sak 8 Val

Valkomiteen består av Jorun Marie Kvernberg, Jon Ellingsen, Arnfinn Bjerkestrand og Tarjei Haugen. Komiteen er satt saman av leiarane i LfS og NFD sine eksisterande valkomitear og ein utgåande styremedlem frå kvar at organisasjonane.

Innstillinga vert lagt fram av valkomiteen seinare.

Sak 9 Protokollar

Protokoll 1

I ein interimperiode på 2 år skal varamedlemmer innkallast på alle styremøter med stemmerett.

Protokoll 2

Tidligere utnemnde heidersmedlemmer og ektefellar skal behalde sine rettar til dei går bort.

Protokoll 3

Styret i organisasjonen har ansvar for å gjennomføre prosessen med val av utsendingar til årsmøtet frå gruppa av yrkesutøvarar. Styret skal sørge for at dei som tilhøyrer denne gruppa vert registrert og om naudsynt setja opp eit arbeidsutval for gruppa. Styret skal også sørge for at det vert gjort ei vurdering om det er naudsynt å danne eit særslag for denne gruppa.

Protokoll 4

Styret skal vurdere om institusjonar som til dømes festivalar, arrangørar og andre kan takast opp som medlemmer i organisasjonen. Ein skal også vurdere om korleis utsendingar herfrå kan utnemnast og kva slag vekt dei eventuelt kan ha på årsmøtet og i vedtektene.

Protokoll 5

Landslaget for Spelemenn og Norsk Folkemusikk og Danselag fører separate rekneskap ut 2009. Rekneskap for Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg førast frå 1/1-2010.

Protokoll 6

Styret skal vurdere om ein i framtida treng ein lagskontigent og om ein i staden bør auke medlemspengane for å dekke bortfallet av inntekter.

Protokoll 7

Styret skal vurdere dei tilsette sin representasjon i styret.

FRAMLEGG TIL PRINSIPPROGRAM FOR FOLKEMUSIKK- OG FOLKEDANSORGANISASJONEN I NOREG

Frå styra i Norsk Folkemusikk- og Danselag og Landslaget for Spelemenn.

INNLEIING

Prinsippprogrammet for Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg inneheld overordna retningslinjer og verdiar for verksemda, og vart vedteke 22. november 2010. Desse verdiane og retningslinjene er førande for innhaldet i arbeidsprogrammet til organisasjonen.

VERDIGRUNNLAG

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg har som føremål å arbeide for folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å styrkje deira rolle og vilkår i samfunnet. Levande folkemusikk- og dansetradisjonar i Noreg står for eit mangfald av ulike sjangrar og stadeigne variantar. Desse har fått sitt særpreg gjennom langvarig bruk og utgjer fullverdig kunst i sin eigen rett. Arbeidet skal fyrst og fremst verne dei eldste folkemusikk- og danseformene som det er tradisjon for i kvart distrikt. Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg ser dette arbeidet som ein del av ei folkeleg kulturreising, der medvitet om eigne tradisjonar blir ei kjelde til livsutfalding og eit grunnlag for sjølvkjensle, rotfeste og respekt for tradisjonars mangfald. Ei vidareføring av dei levande folkemusikk- og dansetradisjonane i Noreg står sentralt i Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg sitt arbeid, men laget skal i tillegg fremje utvikling og nyskaping på tradisjonelt grunnlag.

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vil spreie kunnskap om og forståing for folkemusikken og folkedansen i Noreg, informere om organisasjonen sitt arbeid og styrke folkemusikken og folkedansen sin plass i samfunnet. Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vil leggje særskild vekt på å sikre best moglege tilhøve for utøvarane, både yrkesutøvarar og andre utøvarar. Dette er eit av dei viktigaste vilkåra for å sikre høgt kunstnarleg nivå på området, god rekruttering, breidd og vidareføring av tradisjonane.

ARBEIDSOMRÅDE

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg skal fremje verdigrunnlaget sitt gjennom kulturpolitisk arbeid, informasjon, tradisjonsoverføring og opplæring, gode arenaer og formidling av folkemusikk og folkedans.

Kulturpolitisk arbeid:

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg skal styrkje stillinga til folkemusikken og folkedansen i Noreg gjennom:

- eit aktivt, breitt kulturpolitisk arbeid
- å stå fram som ein handlekraftig og kunnskapsrik organisasjon, og vere ein viktig aktør for all folkemusikk og folkedans på kulturfeltet i Noreg
- å vere ein samlande organisasjon som tar opp i seg det breie mangfaldet i folkemusikken og folkedansen
- å sørgje for gode rammevilkår for utøvarane, organisasjonen og sjangeren
- samarbeid med andre organisasjonar på kulturfeltet nasjonalt og internasjonalt

Tradisjon og opplæring:

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vil styrke tradisjonsoverføringa til folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å:

- bidra til aktivitet, vekst og mangfald innanfor folkemusikk og folkedans
- fremje rekruttering, opplæring innanfor folkemusikk og -dans og instrumentmaking
- arbeide for å styrke rammevilkåra for det faglege arbeidet med forskning, arkiv og utdanning

Formidling:

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg skal styrke formidlinga av folkemusikk nasjonalt og internasjonalt ved å:

- leggje til rette for og utvikle sosiale arenaer og framføringsarenaer lokalt, regionalt og nasjonalt.
- auke tilgjenge til folkemusikkutøvarar og folkedansarar og arbeide for profesjonalisering av bransjen
- ivareta og styrke utøvarane sine kunstnarlege, faglege og økonomiske interesser
- sikre at arrangørane får gode rammevilkår

Organisasjon:

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg ser ei styrking av det frivillige arbeidet rundt om i lokallag, særslag og hos arrangørar som ein viktig føresetnad for å kunne fremje verdigrunnlaget i dette prinsippprogrammet.

FRAMLEGG TIL ARBEIDSPROGRAM FOR FOLKEMUSIKK- OG FOLKEDANSORGANISASJONEN I NOREG FOR 2010

Frå styra i Norsk Folkemusikk- og Danselag og Landslaget for Spelemenn.

KULTURPOLITISK ARBEID OG INFORMASJON

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vil styrke folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å prioritere:

- deltaking i det offentlege ordskiftet om aktuelle saker for sjangeren
- samarbeid med andre aktørar og organisasjonar på musikk- og dansefeltet, og innanfor sjangeren spesielt
- oppfølging av Noreg si ratifisering av UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv
- å utarbeide ein strategi for folkedansen og folkedansarane sin posisjon i organisasjonen
- eit større folkedansprosjekt for å vitalisere den lokale danseaktiviteten og løfte fram dei utøvande folkedansarane

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vil spreie kunnskap om og forståing for folkemusikk og folkedans og informere om organisasjonen sitt arbeid ved å prioritere:

- å arbeide for auka omtale av norsk folkemusikk og folkedans i media
- å drive eiga informasjonsformidling gjennom effektiv bruk av nettportalen folkemusikk.no, info til medlemmer og lag og Årbok for norsk folkemusikk.
- relansering av eit magasin som det sentrale magasinet for folkemusikk og folkedans i Noreg (Spelemannsbladet)
- innsamling av informasjon og statistikk til ein dokumentasjonsbank for aktivitet og ressursar på folkemusikk- og folkedansfeltet.

FORMIDLING – UTØVAR OG ARENA

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vil ivareta og styrke utøvarane sine kunstnarlege, faglege og økonomiske interesser ved å prioritere:

- arbeidet for gode og fleksible tilskotsordningar og andre støttetiltak
- internasjonalisering av den norske folkemusikken og folkedansen
- å drive Norsk folkemusikkformidling
- å arrangere bransjetreffet Folkelarm og dele ut Folkelarmprisen
- å delta i lanseringsprogrammet Intro-folk
- å drive norsk folkemusikkatalog
- auka profesjonalisering av folkemusikken og folkedansen gjennom kompetansehevande tiltak for utøvarar
- tiltak som fremmar etablering av management/bookingbyrå innanfor sjangeren
- arbeidet for å styrke utøvarane sine opphavsrettar til egne verk

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vil drive og vidareutvikle gode arenaer for presentasjon av folkemusikk og folkedans ved å prioritere:

- å styrke arrangørkompetansen i organisasjonen gjennom samarbeid med relevante institusjonar
- å arrangere Landskappleiken og Landsfestivalen og vidareutvikle desse arrangementa
- drift og vidareutvikling av Folkemusikkscena til eit nettverk med faste arrangørar
- samarbeidet med regionale kompetansesenter for rytmisk musikk og sjå på organiserings- og samarbeidsmodellar for dei ulike institusjonane og prosjekta
- medverke aktivt til at Riksscenen skal nå sine mål og vere ein sentral formidlingsarena nasjonalt og internasjonalt

TRADISJON OG OPPLÆRING

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vil fremje det faglege arbeidet med folkemusikk- og folkedanstradisjonane ved å prioritere:

- tiltak som sikrar kunnskapsformidling på alle nivå
- å bidra til at lokal tradisjonsoverføring har gode rammevilkår
- å bidra til at forskning og større utdanningsprosjekt vert sikra løyvingar
- å bidra til at utdanning innanfor instrumentmaking vert sikra
- tradisjonsseminar/dommarseminar i samarbeid med arkiv og andre faginstusjonar
- utvikling av informasjons- og skoleringsmateriell om folkemusikk og folkedans på nett og på trykk, der folkemusikken vert presentert og problematisert ut frå ulike perspektiv
- arbeide for eit system der tradisjonsberarar får kompensasjon for bruk av ikkje-verna, tradisjonell folkemusikk

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vil fremje aktive miljø i lokallaga og leggje til rette for opplæring i folkemusikk og folkedans ved å prioritere:

- å bidra til at arbeidet for barn og unge held fram
- omsyn til barn og unge sine ønske og behov på dei store arrangementa
- det å koordinere sommarkursa og utvikle modellar som sikrar auka tilskot og felles marknadsføring
- vidareutvikling av nettsidene for unge brukarar og aktivt bruke dei sosiale arenaene på Internett
- arbeidet for å få god norsk deltaking på internasjonale kurs og arrangement
- deltaking i tildeling av Øivind Berghs Minnepris
- å støtte arbeidet til *Bygda dansar* og liknande prosjekt
- arbeidet for økonomisk støtte til barne- og ungdomsarbeid, og fordele Frifond-midlar
- å arbeide for at lokale lag samarbeider med kulturskulane om opplæring i folkemusikk og folkedans, og for kompetanseoverføring mellom lag for å auke slikt samarbeid.

ORGANISASJON

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vil utvikle organisasjonen og yte gode tenester til medlemmer, lokallag og særslag ved å prioritere:

- å gi råd og rettleiing til medlemmer og medlemslaga
- å sikre god flyt av informasjon og kompetanseutvikling i organisasjonen ved m.a. å arrangere møte og seminar for utøvarar, lagsleiarar, musikalske leiarar og medlemslag
- etablering av effektive ordningar for handtering av internkommunikasjon, medlemskap og flyt av informasjon
- å drive Norsk folkemusikkfond
- å utvikle planverktøy som gjer at organisasjonen kan arbeide målretta, og nytte menneskelege og økonomiske ressursar til beste for føremålet

Nytt grep om folkemusikken og folkedansen

- Folkemusikken og folkedansen i Noreg får no ei sterk, ny stemme når Landslaget for Spelemenn og Norsk Folkemusikk og Danselag slår seg saman og etablerer ein organisasjon, seier styreleiarane Nils Øyvind Bergset og Åshild Vetrhus.

Styra i dei to organisasjonane tilrår for sine årsmøte at det vert danna ein ny organisasjon for folkemusikk og folkedans i Noreg, som ein samanslutning av Landslaget for Spelemenn (LfS) og Norsk Folkemusikk og Danselag (NFD). Den nye organisasjonen vil styrkje arbeidet for folkemusikk og folkedans i Noreg på alle nivå – frå breidde til topp.

– Vi samlar miljøet og skaper ein sterk aktør som skal vere ei drivkraft i utviklinga av arbeidet med folkemusikk- og folkedans i Noreg, seier dei to leiarane.

Årsmøta avgjer

Det er årsmøtet i LfS og ekstraordinært årsmøte i NFD som avgjer spørsmålet. Møta blir halde i Drammen 20. - 22. november.

– Vi håpar medlemmene møter opp og gjev oss den støtta vi opplever at vi har fått gjennom prosessen, seier Åshild Vetrhus, leiar i NFD. – Det er viktig med brei støtte frå det ekstraordinære årsmøtet i NFD, og sikrar at verdiane vi arbeider for blir med vidare, held ho fram.

Saman står vi sterkare

- Etableringa av Riksscenen er kanskje det tydelegaste eksempelet på at miljøet får større kulturpolitisk gjennomslag når vi står samla, seier Nils Øyvind Bergset, leiar i LfS. - Det er fyrst når ein står saman at dei store resultatane kjem, seier han og tilbakeviser argumenta om at ein står sterkare med fleire spesialiserte, små aktørar. – Vi er overbevist om at vi gjer det rette.

– Riksscenen, dei regionale rytmiske kompetansesentra og den nye organisasjonen er viktige felles satsingar vi har arbeidd saman om dei siste åra, bifaller Åshild Vetrhus. – For NFD har det heilt frå starten vore ei viktig politisk sak å leggje til rette for at det skal vere mogleg å leve som folkemusikar. Fleire konsertarrangørar og ein sterk utøvarorganisasjon er viktige reiskap, avsluttar ho.

Bakgrunnen for prosessen

På årsmøta i LfS og NFD i 2008/2009 vart det gjort intensjonsvedtak som ga styra mandat til å arbeide vidare mot å stifte ein ny organisasjon. Styra sette som følgje av dette ned ein organisasjonskomite samansett av Nils Øyvind Bergset – styreleiar i LfS, Åshild Vetrhus – styreleiar i NFD, Solbjørg Tveiten – nestleiar i LfS og Arnfinn Bjerkestrand – styremedlem i NFD. Denne gruppa presenterer no vedtekter, budsjett, prinsipp- og arbeidsprogram for den nye organisasjonen.

SVAR TIL HØYRINGA FOR NY ORGANISASJON

Styreleiarane i NFD og LfS sin kommentar til høyringssvara som har kome inn.

Vedtektene er no moderert og tydeleggjort noko og styret håpar at dette samt prinsipp- og arbeidsprogram vil synleggjere mykje av det som er kommentert i høyringssvara.

Styra i LfS og NFD er takksame for alle høyringssvara som har kome inn på forslaget til vedtekter for ein ny organisasjon for folkemusikk og folkedans i Noreg. Styra har utarbeidd nytt framlegg til vedtekter, samt prinsipp- og arbeidsprogram som blir sendt til laga og medlemmene i desse dagar. I dette innlegget ønskjer me å utdjupa ein del val me har teke i lys av det som har kome fram i høyringssvara.

Ei samanslutning

Me føreslår å danne ein ny organisasjon som ei samanslutning av LfS og NFD. Gjennom dette vil me tydelegare markere dei historiske røtene til den nye organisasjonen. Det vil også synleggjere at me vidarefører føremålet og dei arbeidsoppgåvene som NFD og LfS har hatt. Dei eksisterande organisasjonane blir dermed ikkje formelt nedlagt, men verksemda blir vidareført i ein ny organisasjon.

Føremål

Føremålet for organisasjonen har me i vedtektene valt å skriva kortare og rundare enn før. Formuleringane som nokon saknar, har me valt å flytta til prinsippprogrammet for organisasjonen. Dette programmet skal innehalde dei overordna prinsippa for kva organisasjonen skal arbeide med og verdigrunnlaget til organisasjonen. Me utarbeidar også eit kortare og meir målretta arbeidsprogram der dei konkrete arbeidsoppgåvene for organisasjonen blir nemnde, og der det vil vera rom for auka satsing på enkelte nye felt. Me legg opp til at noko av det første det nye styret i organisasjonen bør gjera er å ta ein grundig diskusjon om prinsipp- og arbeidsprogram og oppfordrar til at det vert brei debatt om dette på det første ordinære årsmøtet i den nye organisasjonen.

Per i dag arbeider me med det me kan kalla norsk folkemusikk. Me opplever samtidig at me deler interesser og problemstillingar med dei som bur i Noreg i dag, men arbeider med musikk og dans frå andre tradisjonar og område i andre delar av verda. LfS og NFD arbeider i praksis for deira interesser gjennom til dømes kulturpolitisk arbeid og opplæringsarbeid i dag.

Tanken bak å nytte formuleringa "i Noreg" er at me ikkje ønskjer å stengja ute individ eller tradisjonar så lenge vi har felles interesser. Er det nokon som bur i Noreg og er utøvar av/interessert i folkemusikk og folkedans og ser at den nye organisasjonen jobbar for hennar interesseområde, ønskjer me denne personen velkommen. Dette er eit grep for å vere opne mot eit stort og viktig miljø, men kompetansen i organisasjonen og det dei fleste medlemene våre har interesse for, vil sjølvstyre styre kva vi arbeider med.

Betre intern kommunikasjon

Me ønskjer å betre kommunikasjonen internt i miljøet. Tydelege og gode kommunikasjonslinjer internt vil også gjere oss tydelegare for andre. Det er alltid ein fare for at avstanden vert stor mellom leiinga og grasrota i ein organisasjon. Me meiner dette kan bli betre enn det er i dag ved å endra struktur og forme ut eit godt demokratisk system. Me er ikkje i tvil om at ei samanslutning vil betre ressursbruken i styrearbeidet og administrasjonen.

Yrkesutøvarane representerer særskilte interesser og nye utfordringar for folkemusikken

Talet på utøvarar som vil og klarer å leve av folkemusikken og folkedansen aukar, og det er ei positiv utvikling. Det er vanskeleg å finna ein god definisjon på kven som er yrkesutøvar. Det

vil i stor grad vera opp til den einkilde å definere eiga rolle. Vi har i arbeidet vore opptekne av at yrkesutøvarane har nokre særskilte interesser.

Yrkesutøvarane har interesser som gjeld arbeidsmiljølov og tariffar. Det er ikkje dette den nye organisasjonen skal arbeide med, det overlet me til fagforeiningar som til dømes Musikernes fellesorganisasjon (MFO). Grenseoppgongen mellom fagforeining og interesseorganisasjon er viktig. Likevel, yrkesutøvarane innan folkemusikk og folkedans er ei forholdsvis lita gruppering innan MFO, mellom anna fordi mange yrkesutøvarar innan folkemusikk og folkedans ikkje har fagorganisert seg. Slik kan det vera organisasjonen si oppgåve å se til at fagforeiningane arbeider grundig for folkemusikarane og folkedansarane dei har som medlemmer.

Det er andre viktige saker kor yrkesutøvarane sine særlege interesser er tydelege:

- Arbeide for at sjangeren vår heng med på profesjonaliseringa av musikkbransjen m.a. ved å stø opp om at management og bookingbyrå får rammevilkår som gjer dei i stand til å representere folkemusikarar og folkedansarar ute og heime.
- arrangere faglege møter og diskusjonar som gjeld yrkesutøvarane sin kvardag t.d. i samarbeid med MFO eller andre
- arbeide for at det blir etablert fleire stillingar innanfor folkemusikk og folkedans over heile landet
- sikra yrkesutøvarane på feltet stipendordningar og liknande gjennom kulturpolitisk arbeid
- arbeide for at det vert forska meir og skrive meir faglitteratur innan utøving og pedagogiske tema
- arbeide med informasjon og formidling av folkemusikk og folkedans nasjonalt og internasjonalt

Kvifor auka vektning for yrkesutøvarane

NFD og LfS går inn i ein ny organisasjon som likeverdige partar. Yrkesutøvarane er ei stor gruppering innan NFD og i dag har dei stor påverknad på NFD sitt arbeid. I den nye organisasjonen vil yrkesutøvarane vera talmessig i eit klårt mindretal. Derfor ønskjer me å framheve deira interesser i vedtektene til den nye organisasjonen gjennom eit særskilt tal på utsendingar på årsmøtet og god representasjon blant tillitsmennene i den nye organisasjonen.

Me må heller ikkje gløyme at yrkesutøvarar og andre utøvarar er gjensidig avhengige av kvarandre. Grasrotmiljø og yrkesmiljøet er to sider av same sak. Fordi yrkesutøvarane utgjer ei lita gruppe i organisasjonen, er det viktig for balansen i den nye organisasjonen at yrkesutøvarane vert vekta og slik sikrar at sakene som gjeld dei får ei reell demokratisk handsaming.

I vårt oppdaterte forslag til vedtekter har me presisert at yrkesutøvarane kan ha maks 10 utsendingar med stemmerett på årsmøtet. Dei vil ikkje ha moglegheit til å stille med fullmakter. Yrkesutøvarane er per i dag ikkje ei definert gruppe eller særslag innan den nye organisasjonen, men det må etablerast eit system for utveljing av utsendingar til årsmøtet frå denne gruppa.

Bør institusjonar bli ein del av ein ny organisasjon?

Me vil danne ein interesseorganisasjon som er basert på personleg medlemskap slik båe organisasjonane er i dag. Styra meiner det ikkje er aktuelt å ha til dømes arrangørar, festivalar, arkiv og dei regionale kompetansesentra som medlemmer. Dei demokratiske rettane i organisasjonen er basert på eit personleg medlemskap og representasjon gjennom lag og grupperingar.

Det er fleire demokratiske utfordringar ved å skulle la institusjonar vera medlemmer. Det er t.d. slik i dag at LfS er medeigar/medlem i mellom anna Telemarkfestivalen (også NFD), Hilmarfestivalen og Førdefestivalen. Me ønskjer i ein ny organisasjon å unngå "sirkelmedlemskap".

Det er likevel slik at vi ser nytten av eit tett og nært samarbeid mellom organisasjonane og nemnde aktørar. Me vil i det endelege forslaget til vedtekter presisere at styret har rett til å invitere organisasjonar og institusjonar som gjester med talerett på årsmøtet.

Mange delar av folkemusikkfeltet er i endring. Mellom anna er den fysiske Riksscenen snart på plass, regionale sentra for rytmisk musikk vert etablerte og me har folkemusikkscener med ulike organisering. Me må vurdere korleis denne kompetansen kan tilflyte den nye organisasjonen på sikt. Me håpar at det nye styret vil sjå vidare på kva rolle institusjonar kan ha i den nye organisasjonen dersom ein finn gode måtar å organisere dette på.

Områdelag = dagens fylkes- og regionlag

Me vil påpeike at me berre har bytta ut orda "fylkes- og regionlag" i dagens LfS-vedtekter med eitt nytt omgrep, "områdelag". Det ligg elles ingen prinsipielle endringar i høve til områdelaga si stilling. Eit områdelag er eit lag som dekker eit større område. Dette kan vera eitt eller fleire fylke i eit lag, eller eit knippe kommunar på tvers av fylkesgrenser. Områdelaga skal ikkje utgjera eit ekstra ledd i organisasjonen. Lokallaga kan vera medlemmer i områdelaga, men i områder ein ikkje har lokallag, kan områdelaget vera første ledd. Det er valfritt å organisere seg i områdelag i følgje forslaget vårt. I vedtektene vil det ikkje stå noko om finansieringa av områdelaga. Ein kan derfor sjå føre seg ulike måtar å finansiere dei på, slik som me allereie har i dag.

At områdelag på sikt bør dekkje heile landet, er berre eit uttrykk for at me ønskjer at områda som i dag er lite organiserte, skal organisere seg og slik generere større aktivitet og samordne allereie eksisterande aktivitet.

Om årsmøtet og styret

Med bakgrunn i innspela frå høyringa, omarbeider me nå vedtektsforslaget:

Styret i organisasjonen er på sju personar med tre varamedlemmer. Samtidig føreslår me at ein i ein interimperiode kallar inn varamedlemmer med full stemmerett. Det er veldig nyttig å ha brei representasjon i styret i etableringsfasen.

Me tek ut framlegget om å ha eit kontrollutval i den nye organisasjonen, men føreslår at årsmøtet oppnemner revisor.

Me går framleis inn for at årsmøtet skal haldast i november.

Me har fått mange ulike innspel på dette med heidersmedlemskap eller heiderspris. Det viktige er ønskje om å heidle medlemer og andre som gjer ein viktig innsats for folkemusikken og folkedansen. Me gjer framlegg om å etablere ein heiderspris.

Nils Øyvind Bergset
Styreleiar i Landslaget for Spelemenn
niloberg@online.no

Åshild Vetrhus
Styreleiar i Norsk Folkemusikk og Danselag
aashild_vetrhus@hotmail.com

